

# Foreldremøte 1. og 2. klasse

Torsdag 25. februar-16

8 heimar møtte

Saker:

## Klassemiljø

Klassen er fin, er greie med kvarandre , sjølv om det av og til er småting eg må rydda opp i .

Me har fokus på å vera snille med kvarandre.

På skulen arbeider klassane systematisk med ulike opplegg for at me skal vera ein Zero-skule, at alle skal ha det trygt og godt, altså ikkje verta plaga eller mobba.

**Me i første klasse har byrja på eit opplegg som heiter «Zippy» – Eit opplegg i sosial meistring, der hovudingrediensane er:**

\*elevane skal læra å identifisera og snakka om kjensler, å meistra dagleglivet sine utfordringar og problem, og å støtta andre som har det vanskeleg.

\*ein time i veka med eitt tema pr. gong

\*6 modular a 4 leksjonar (sjå heftet de fekk utlevert)

Elevane ser ut til å lika opplegget, og er aktivt med.

Når modulen om sorg og tap kjem, vil de få info på førehand, slik at de kan gje meg melding om det er noko eg bør vita i høve til eleven.

**Zeroskule** – me arbeider heile tida for at skulen vår skal vera mobbefri

\*me arbeider saman om alle elevane

\*alle klassane har sitt opplegg for sosial meistring (Zippy, Steg for steg, Det er ditt val , Art)

\*om det kjem problem, er alle med for å sjekka opp og finna løysing



### **Lesing: Veldig viktig å verta gode lesarar.**

- lesing er nøkkelen til mykje framover
- ein les i alle fag, spesielt når ein kjem oppover i klassane
- i alle yrke er det m.a. stadig meir dokumentasjon som skal lesast/skrivast
- dei nasjonale prøvane i byrjinga av 5. klasse er ganske vanskelege

### **På skulen: Her er litt av det me gjer i leseopplæringa**

- lærer bokstavane
- lyttar ut lydar i ord, først, sist, midt i
- bokstavane har namn og lyd, vokal same namn og lyd, konsonant har ulik namn og lyd
- rimar
- klappar og les stavingar
- kunnskap om bokstavar, ord og setningar
- stor førebokstav, punktum, komma, spørjeteikn, utropsteikn
- å forstå det dei les
- snakka om teksten
- med meir

### **Korleis hjelpa barnet heima**

- Me, ilag med mange andre kommunar, er ikkje gode nok på dei nasjonale prøvane, (samanlikna med andre europeiske land) sjølv om me har prøvd mange grep (sol, veileda lesing, eigenvurdering, lesa 15 min på skulen og heima, tilpassa lesing m.m.)
- UDIR sine skuleveiledarar, som og har vore på vår skule, har sagt at me må be om at foreldra tek eit ekstra tak i lag med oss for at me skal kunna betra elevane i lesing.
- saman kan me kanskje greia å løfta elevane.
- foreldra må og fortelja kor viktig det er å øva på lesing
- foreldra er rollemodellar for ungane. Det foreldra er interessert i, vil dei mest sannsynleg ta etter jamfør fotball, korps, idrett osb. Slik kan me og gjera med lesing.

### **Korleis skapa leseglede heima?/Korleis lesa saman med barnet?**

- lesa høgt for barnet, kos for både foreldre og barn, samstundes er det lærerikt
- lesa litt frå ei bok, kanskje barnet får lyst til å lesa meir frå boka
- leita etter bokstavar i boka
- leita etter ord
- sjå på biletene medan ein les, bruk biletene som støtte til teksten
- forklara begrep i teksten, svært viktig å læra nye begrep
- snakka om teksten, slik at det vert tid for undring m.m.
- lesa for eleven
- lesa med eleven
- eleven finn bokstavar i teksten
- eleven les einskilde ord i teksten
- fokus på t.d. skj-lyden, ord med gj-, gi-, ki og ky og andre «vanskelege» stavningar
- enkel og dobbel konsonant
- stum d (bord, ord m.fl.)
- «det»
- eleven les ein setning, foreldra ein
- eleven les eit avsnitt, foreldra les eit
- snakka om teksten, spørja spørsmål frå det dei les.
- stoppa opp i lesinga, spørja :Kva trur du skje vidare ?
- barn (og voksne) lærer begrep dei ikkje får i vanleg samtale ved å lesa bøker
- vera bevisst på at tida ein les med barnet også er leseopplæring

**Obs! Små drypp av det eg har lista opp, ein må ikkje ta lesegleda frå elevane.**

**Til 15- minuttlesinga heime ,** har elevane fått med seg eit lite hefte der de skriv dato, tittel på det barnet har lese , sidetal og signatur frå foreldra. På skulen får dei eit klistermerke for kvar gong.

**Nasjonale prøvar for 5. klasse**, store krav – viktig å ta tak heilt frå første klasse, slik at elevane er godt budd til desse prøvane.

#### **Kartleggjingsprøvar i matte og lesing for 1. og 2. klasse**

-kjem i april/mai

#### **Vurderingar i Wisma**

Saman med innkalling til foreldresamtalane vil de få tilsendt kopi av vurderingane me har gjort i forkant av samtalane me skal ha.

Til sumaren vil de kunna logga dykk inn på barnet dykker si vurdering og lesa den der. Samstundes vil de frå neste skuleår kunna sjå endringar i vurderingane fortløpende når dei måtte koma. Altså vil dokumentasjonen liggja digitalt, og elevane har den med seg til ungdomsskulen og vidare.

#### **Foreldrefesten 25. mai**

Det er berre foreldra og eleven som skal vera med på festen. Ved ein glipp vart det gløymt å skriva det på påmeldinga i fjar.

Lærarane sender ut påmelding i god tid, med svarslepp over kor mange som kjem.

Klassekontaktane organiserar mat og opprydding,

Skulen tek seg av program og set fram bord og stolar.

#### **Sosial samling**

Det vart diskutert om ein skal ha ei sosial samling for klassen, slik at både elevar og foreldre kunne verta kjent med kvarandre utanom skuletida. Karina tok på seg å sjekka om 3. og 4. kunne tenkt seg å arrangera disco i lag med 1. og 2. kl.

#### **Facebook-gruppe.**

Det vart diskutert om ein skulle laga til ei face-book gruppe for foreldra i klassen. Karina kunne ordna det om ynskjeleg.

#### **Val av klassekontakte**

##### **Neste års 3. klasse sine klassekontakte:**

1 Veronica Straume

2 Kjell Åge Bendiksen

Ref. Liv O. Vetås

